

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 23.04.2014  
Sakhandsamar: **Sølvi Lurfald**  
Saka gjeld: **Orientering om Fagleg rapport 2013 - forskingsprosjekt, nasjonale og regionale tenester**

**Arkivsak**  
2014/361/  
**Styresak 060/14**

**Styremøte 09.05. 2014**

---

## **Forslag til vedtak**

Styret tar rapportane "Faglig rapportering 2013" og «Forskning og innovasjon til pasientens beste» til orientering.

## Oppsummering

Det vert årleg utarbeidd ein rapport (vedlagt styresaka) som omhandlar forskingsprosjekt som har fått tildelt midlar av det regionale samarbeidsorganet, som er eit samarbeid mellom Helse Vest RHF/helseføretaka i regionen, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger. Rapporten blir utarbeidd av Kompetansesenteret for klinisk forskning i Helse Bergen HF som sekretariat for Samarbeidsorganet. Samarbeidsorganet handsama rapporten 20.2.14 og tok den til etterretning, (sak 02/2014).

Rapporten "Faglig rapportering 2013" vert med dette lagt fram for styret i Helse Vest RHF. Rapporten blir sendt Helsedirektoratet i samsvar med rapporteringsplikta gitt i Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2013.

Den nasjonale rapporten «Forskning og innovasjon til pasientens beste» vert også lagt fram for styret. Rapporten er bestilt av Helse- og omsorgsdepartementet og er eit samarbeid mellom dei fire regionale helseføretaka, og er retta inn mot politikarar og ålmenta. Innhaldet i rapporten er i hovudsak ei framstilling av 14 forskings- og innovasjonsprosjekt henta frå alle regionar. I tillegg har ein henta inn nokre nasjonale nøkkeltall. Ettersom fristen for rapporten var sett til 15. mars, er nøkkeltala frå 2012 og tidlegare. Det vil bli utarbeidd årlege rapportar etter same leist, og det blir arbeid for å få ein seinare frist for desse, slik at det er råd å få med dei nyaste tala frå forskings- og innovasjonsaktiviteten i helseføretaka.

Nedanfor vert den regionale rapporten «Faglig rapportering 2013» gjennomgått.

## Fakta

I 2013 vart det fordelt 164,4 mill. til forskning i Helse Vest RHF, av desse var knapt 21 mill. øymerka forskning innan psykisk helse, rus og samhandling.

Tildeling av midlar for 2013 til nasjonale kompetansetenester over statsbudsjettet, og fordeling av midlar til dei regionale kompetansesentra går fram av styresak 123/12, der nasjonale kompetansetenester blir tildelt 39,5 millionar og regionale kompetansesenter blir tildelt 48,7 millionar. Finansiering av dei nasjonale og fleirregionale pasientretta funksjonane (nasjonale og fleirregionale behandlingstenester) skjer via det ordinære finansieringssystemet for pasientbehandling.

Bidraga som inngår i rapporten vert samla inn gjennom eit elektronisk rapporteringssystem (eRapport). Det er i år 11. gong at Helse Vest presenterer ein fagleg rapport basert på data frå eRapport. Alle årsrapportane frå 2003 er tilgjengeleg på Helse Vest si nettside: <http://www.helse-vest.no/fagfolk/forskning/det-regionale-samarbeidsorganet/Sider/side.aspx>

Rapporten tener fleire formål:

- 1) Den inngår som del av rapporteringsplikta til sentrale styresmakter (HOD/Helsedirektoratet)
- 2) Den er utgangspunkt for vurdering av behov for endringar og oppfølging i høve til mellom anna krav frå styresmaktene
- 3) Forskningsrapportane blir nytta til forskingsformidling, mellom anna gjennom "Ukens forskningsprosjekt" og ved at rapportane er gjort tilgjengeleg for alle gjennom eigne internettsider
- 4) Bidragsytarane til rapporten får noko tilbake for rapporteringsinnsatsen.

## Omfang og innhald

Rapporten inneheld rapportar frå regionen sine nasjonale behandlingstenester (7), fleirregionale behandlingstenester (5), nasjonale kompetansetenester (9) og regionale kompetansesenter (9). Den inneheld også rapporter frå 278 forskingsprosjekt som er finansiert (heilt eller delvis) av midlar frå Helse Vest RHF.

Rapporten er delt i fem deler: Del 1) regionale forskingsmidlar i eit tiårs perspektiv, samt hovudtrekk frå årsrapportering 2013, del 2) fagleg rapport frå nasjonale tenester og regionale kompetansesenter, del 3) presentasjon av forskingsprosjekt som har levert årsrapport, del 4) presentasjon av forskingsprosjekt som har levert sluttrapport, og del 5) lister og register.

## Regionale forskingsmidlar gjennom 10 år

Som nemnd tidlegare, er det gjennom eRapport samla inn informasjon om bruken av Helse Vest sine forskingsmidlar sidan 2003. Innleiingsvis i rapporten for 2013 har ein difor valt å ta eit tilbakeblikk på åra som har gått, med eit særleg fokus på forskarutdanning og større fleirårige prosjekt.

Det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest og universiteta i regionen, som hadde sitt første møte i oktober 2002, fekk i oppgåve av styret i Helse Vest å forvalte dei øyremerkte forskingsmidlane. I 2003 utgjorde dette 39,5 millionar kroner, og i 2013 var tilskotet auka til 164,4 millionar kroner, inkl. midlar frå Helse Vest si eiga ramme. Til saman er det tildelt i overkant av 1,2 milliardar kroner til 800 søknader i den ope søknadsrunden, samt til 45 store og små strategiske satsingar. I tillegg har over 220 forskarar i regionen fått påskjøning for å ha rettleia stipendiatar fram til disputas, og for å ha publisert artiklar i dei høgast rangerte tidsskrifta.

Om lag 60 % av dei opne utlyste midlane skal gå til forskarutdanning, og i rapporten ser ein nærare på dei knapt 200 doktorgradsstipenda og 75 postdoktorstipenda som er tildelt midlar frå Helse Vest, med fokus på fordeling på kjønn, alder, fagområde, søkarinstitusjon, stipendiaten sin faglege bakgrunn og kven som har vore involvert som hovudrettleiarar for doktorgradsstipend. Ein ser mellom anna at doktorgradsstipendiatane gjennomsnittleg har god gjennomføringsevne: tid frå start av stipendet til disputasdato er i overkant av 4 år (median 3,85 år). Fødselspermisjon, permisjon knytt til sjukdom, samt deltidstilling er ikkje trekt frå.

Tilsvarande ser ein i rapporten på trekk ved prosjekta som har fått midlar til større, fleirårlege prosjekt, der det i perioden 2003 til 2013 vart tildelt midlar til 257 fleirårige forskingsprosjekt.

### **Nasjonalt samarbeid**

Dei regionale forskingsmidla har ført til eit nasjonalt samarbeid med utgangspunkt i handteringa av midlar. eForum vart oppretta for å ivareta søknads- og rapporteringssystema eRapport, eSøknad og eVurdering som er utvikla i Helse Vest og som no nyttast av alle regionale helseføretak, og har utvikla seg til å bli ein arena der ein utvekslar idear og røynsle utover det som angår sjølve systema. I 2008 og 2009 vart det utarbeidd fellesrapportar på bakgrunn av samarbeidet. HOD har gjennom oppdragsdokumenta bedt om at det vert utarbeidd årlege fellesrapportar, der delar av grunnlaget skal vere informasjonen som kjem fram gjennom rapporteringssystemet eRapport, jf. rapporten «Forskning og innovasjon til pasientens beste» som er nemnd ovanfor og som er lagt ved saka.

### **Årsrapporteringa for 2013**

I 2013 starta arbeidet med å få eRapport over på ei ny teknisk løysing og med eit nytt og meir tidsriktig design. Hausten 2013 vart del 1 av arbeidet, som omfattar års- og sluttrapportering for forskingsprosjekt, fullført. Del 2 av arbeidet er planlagt hausten 2014 og omfattar i all hovudsak rapportering for nasjonale tenester og regionale kompetansesentre. Den nye løysinga er meir fleksibel og legg grunnlaget for vidare tilpassingar i systemet i åra som kjem. I tillegg vart det gjort nokre endringar i rapportskjema for både forskingsprosjekta og dei nasjonale og regionale tenestene. Det har ført til at årets faglege rapport har fått ei anna vektlegging enn tidlegare, med mindre fokus på felles trekk for prosjekt- og senterrapportane og samanlikningar med tidlegare år.

Tabell 14 Antall prosjektdeltakere etter institusjon, 2013

Institusjon	Antall deltakere
Universitetet i Bergen	506
Haukeland universitetssykehus	299
Universitetet i Stavanger	43
Stavanger universitetssjukehus	50
Helse Fonna HF	12
Helse Førde HF	2
Høgskole i regionen	37
Forskningsinstitutt	59
Andre universitet	77
Andre helseforetak	49
Andre høgskoler	5

Eit av dei nye elementa i eRapport er koplinga mot forskarpersonalregisteret i CRISTin<sup>1</sup> for registrering av alle aktive deltakarar i prosjekta. Forskarpersonalregisteret i CRISTin inneheld personalopplysningar som mellom anna inkluderer fødselsnummer, namn, tilsetningar og andre formelle tilknytingar til institusjonar i dei tre forskingsutøvande sektorane: UH-sektoren, forskningsinstituttsektoren og helseforetak. Totalt er det rapportert inn 1478 deltakarar fordelt på dei 278 forskingsprosjekta med Helse Vest finansiering som rapporterte for 2013. Ettersom nokre personar er deltakarar i fleire prosjekt, er talet på unike personar lågare; Det er rapportert 891 unike personar, der 757 er identifisert med kopling til CRISTin sin forskarkatalog. Tabellen til venstre (s. 30 i rapporten) viser talet på prosjektdeltakarar med ei formell tilknyting til Institusjonane (tilsetning, opptak i doktorgradsprogram o.a.). Tala i tabellen kan ikkje summerast ettersom ei rekke deltakarar har kombinert tilsetning eller anna formell tilknyting til fleire institusjonar. Universitetet i Bergen har desidert flest prosjektdeltakarar, med over 500 personer som i 2013 deltok på minst eitt Helse Vest finansierte prosjekt.

Forskningsprosjekta skal mellom anna rapportere vitenskapleg produksjon, og ved årets rapportering var det for første gong lagt til rette for også å fange opp publikasjonar i tidsskrift som ikkje er indeksert av PubMed<sup>2</sup>. Forskningsprosjekta har rapportert 843 (2012; 708) vitenskaplege artiklar publisert i PubMed, der 530 (2012; 442) er forskjellige artiklar. Dette er ein auke i talet på forskjellige artiklar på over 20 % frå 2012. I tillegg er det rapportert 174 andre vitenskaplege artiklar som ikkje er registrert i PubMed. Det er rapportert 47 forskjellige, avlagte doktorgrader, ein nedgang på 6 % frå 2012. For forskingsprosjekt, nasjonale tenester og regionale kompetansesentre samla, er det rapportert 69 forskjellige doktorgrader, ein auke på 17 % frå 2012.


Dei forskingsansvarlege skal klassifisere eige prosjekt i mellom anna helsekategori (Health Categories) og forskingsaktivitet (Research Activity Codes). Health Research Classification System (HRSC) vert nytta til denne klassifiseringa. Systemet vart opphavleg utvikla i Storbritannia og har etter kvart blitt implementert i ei rekke land. Nasjonalt vert det arbeid for å innføre systemet for all helseforskning, og i 2013 fekk Helse-

<sup>1</sup> Forskningsinformasjonssystemet CRISTin er eit verkty for forskarar og forskarmiljøa i Norge for å registrere og profilere publikasjonsdata, prosjekt, einingar og kompetanseprofilar. Systemet vert også nytta til rapportering av publikasjonspoeng. <http://www.cristin.no>.

<sup>2</sup> <http://www.ncbi.nlm.nih.gov/pubmed?cmd=search>

omsorgsdepartementet overlevert ein rapport om samordna bruk av systemet. Figuren under (s. 35 i rapporten) viser fordelinga av forskingsmidlar på den eine av dei to elementa som inngår i HRCS, helsekategoriar, kombinert med fordelinga av midlar til prosjekt som har oppgitt å vere kliniske intervensjonsstudiar.

**Figur 11: Andel tilgjengelige midler (mill. kr) fordelt på fagfelt – inndelt kliniske intervensjonsstudier**



Kliniske intervensjonsstudiar er alle forsøk der deltakarane vert utsett for ein eller annan påverknad. Slike studiar vil ofte prospektivt fordele forsøkspersonar i behandlings- og kontrollgrupper for å undersøke årsak og verknad. I oppdragsdokumentet frå HOD er det nedfelt mål om å styrke pasientretta klinisk forskning, inkl. forskarinitierte, kliniske intervensjonsstudiar av høg kvalitet.


### Rapportering frå nasjonale tenester og regionale kompetansesentre 2013

#### Styringssystem nasjonale tenester

Rapporten tar for seg forskingsaktiviteten knytt til både regionale og nasjonale tenester. Det er ingen store endingar frå tidlegare år, utan om ein tendens til at dei nasjonale tenestene i stadig aukande grad tar hand om dei nasjonale oppgåvene dei har ansvar for.

Dei nasjonale tenestene sine oppgåver og plikter er nedfelt i rettleiaren frå Helse- og omsorgsdepartementet, som del av det nye styringssystemet som vart innført frå 2011. Rettleiaren regulerer mellom anna rapporteringsplikt, etablering av nye tenester og RHF-a sitt ansvar for oppfølging av tenestene. I tillegg til dei interne prosessane i kvart RHF, er det kontakt mellom sentrale og regionale aktørar mellom anna gjennom Nasjonalt råd for kvalitet og prioritering, RHF-a sine fagdirektørmøte og det nasjonale forumsmøtet for utvikling av eRapport (eForum), der også Helsedirektoratet er involvert. Figuren under (s. 43 i rapporten) gir ein oversikt over dei viktigaste datoane knytt til rapportering og vurdering av tenestene.

**Figur 4 Nasjonale tenester – rapportering og oppfølging**



Nettportalen <http://nasjonaltjenester.ihelse.net> gir ein oversikt over alle rapportar, og gjennom rapportane er det råd å følgje med på den årlege vurderinga frå Helseidrektoratet og tenestene sine referansegrupper.

Vedlegg:

1. Faglig rapportering 2013
2. Fellesrapport frå spesialisthelsetenesta 2013, Forsking og innovasjon til pasientens beste